

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

2. søndag i påsketida – 8. april 2018

Preiketekst : Joh 21,15-19

Lesetekst I : Jer 31, 1-6

Lesetekst II: Apgj 1,1-5 / 1. Joh 5,1-5

PETERS ORDINASJON: ELSKAR DU MEG?

Møte med Jesus

Ein må mesta ha med seg starten på denne forteljinga før ein kan gå inn i den essensielle samtalen. Det er tredje gongen Jesus openberrar seg for læresveinane etter han stod opp frå dei døde.

Sjølv om dei har sett han levande to gonger, så var han ikkje lenger hos dei, han gjekk ikkje rundt saman med dei, slik han hadde gjort i tre år, så dei hadde på ein måte gitt opp, resignert.

Peter er den initiativrike, men kanskje også den det er vanskelegast for å sakna Jesus etter det som skjedde. Han seier: «Eg vil ut og fiska.» Han orka ikkje gå slik lenger og ikkje vita kva som skulle skje. Og dei andre er enige og går med. Så er dei i gang att med det vanlege.

Men det blir aldri som før. Dei hadde levd saman med Jesus, dei hadde møtt han, også som levande oppstått, og da kunne ingen ting bli som før.

Aldri som før

Det er slik det er. Når ein verkeleg har møtt Jesus, kan ingen ting bli som før. Det er difor kristentrua lever og Guds rike veks meir og meir. Menneske møtte Jesus og livet vart forvandla.

Da Jesus stod der på stranda, kjente dei han ikkje. Dei var trøytte, oppgitte, skuffa. Men da dei kom i land med fisk etter å ha kasta garnet på andre sida av båten, var det éin som kjente han, den læresveinen som Jesus hadde kjær, Johannes.

Da tenner Peter og hoppar i sjøen. Han må møta Jesus. Angeren og skulda var stor, men han våga ikkje spørja: «Kven er du?» Han og dei alle visste at det var Herren.

Samtalen

Så kjem denne merkelege samtalen, der Jesus spør Peter tre gonger om han elsker han, eller har han kjær. Like mange gonger som Peter hadde fornektet Jesus. Peter vert sorgfull over at Jesus spør fleire gonger, men svarar tydeleg like mange gonger. Han visste i sitt indre kva det galdt. Og Jesus visste kor mange gonger han hadde svikta. Før hanen gol, hadde han fornektet sin beste ven og Herre tre gonger, slik Jesus hadde sagt, enda han hadde forsikra at han ville gje livet sitt for han. (Joh 13,36-38 og Joh 18,27)

Peter hadde vore ute i hardt ver før. Da han prøvde å hindra at Jesus skulle dra opp til Jerusalem for å lida og døy, så seier Jesus: «Vik bak meg, Satan! Du vil føra meg til fall. Du har ikkje tanke for det som Gud vil, berre for det som menneska vil.» Matt 16,21-23 Det var forferdeleg og brutalt.

Det kan føra oss rett inn i vår tids debatt om Jesu soning og korsdød, om det var Guds vilje, og om det var nødvendig til vår frelse. Det er altså ikkje nytt, men noko vi må tenkja over på nytt.

Og dette var rett etter at Peter hadde kome med si sterke vedkjenning av Jesus som Messias: «Du er Messias, den levande Guds Son.» Da var himmelen der og Jesus la grunnen for si kyrkje, noko

som også har skapt debatt og strid i den kyrkja som skulle veksa fram, der enno ikkje alle kristne kan ha nattverdfellesskap. (Apostolisk suksesjon)

Jesus sa: «Sæl er du, Simon, son til Jona. For dette har ikkje kjøt og blod openberra for deg, men Far min i himmelen. Og det seier eg deg: Du er Peter, og på dette fjellet vil eg byggja mi kyrkje, og dødsrikeportane skal ikkje få makt over henne. Eg vil gje deg nøklane til himmelriket; det du bind på jorda, skal vera bunde i himmelen, og det du løyser på jorda, skal vera løyst i himmelen.»

Matt 16, 17-19. Det er vel grunnlaget for kyrkjaskriftemål og absolusjon.

Ein kan undrast på om dette berget var stødig nok for Guds kyrkje. Det virkar nokså vaklande når ein tenkjer på Peter. Og utan ein annan grunn hadde kyrkja for lengst ramla saman. Men, som det står i salmen: «Guds kirkes grunnvoll ene er Herren Jesus Krist.»

Nytt kall og ordinasjon

Peter var ein samansatt person, ein som Jesus verkeleg satsa på, til trass for hans svakheter og store feiltrinn og fall.

Det er underleg at Jesus kunne satsa så stort på ein som forneakta han rett etter at han hadde forsikra Jesus om at han aldri skulle svikta han, om han så skulle dø med han. Så nekta han, ja, banna på at han ikkje kjente sin beste ven. Var han ein fråfallen, ein fornektar? Korleis kunne Jesus satsa så feil?

Men han fekk eit nytt kall, eit fornøya kall der han vart hyrding for kyrkja. Jesus hadde ofte kalla seg sjølv den gode hyrdingen, ein som var leiar for flokken. No overlet han dette synlege ansvaret til ein svikar, ein fallen, men angrande syndar.

Og Peter er ikkje den einaste som har fått ein ny sjanse til teneste, av Guds nåde. Det viser at Gud ikkje bryt eit knekt siv eller sløkkjer ein rykande veike, men brukar det svakaste kar. Jes 42,3 og Matt 12,20

Dette var andre gongen han fekk eit kall til å følgja Jesus. Og Jesus brukar det gamle namnet hans, Simon, det han hadde før Jesus kalla han første gongen og sa «følg meg». Det var også på stranda, og Simon Peter forlot alt og følgde Jesus.

Det var da Jesus sa til Simon: «Ver ikkje redd! Heretter skal du fanga menneske.» Så rodde dei båtane i land, gjekk frå alt og følgde han. Luk 5,1-11

Etter Jesus har stått opp att og møter læresveinane på stranda, får Peter eit kall til teneste for kvart spørsmål og svar: «Fø lamma mine, gjet sauene mine.»

Ein merkeleg jobbsamtale. Ikkje spørsmål om cv eller kvalifikasjonar. Jesus kjente Peter, hans gode og svake sider. Det einaste spørsmålet er om han elsker sin meister og Herre. Kjærleiken. Det er Peters ordinasjon til verdas største oppgåve som ein dag skulle kosta han livet.

Einy Rendal Elgsæther

Pensjonist. Prestevikar. Tidl. misjonær Santalmisjonen / Normisjon.

einyre@gmail.com